

Informasjon om hjort- og elgjakta - Aurland 2026

Dette brevet vert sendt ut elektronisk til valda, i tillegg til at det vert lagt ut på heimesida til landbrukskontoret. Det er viktig at de som er valdansvarlege vidaresemdar til alle grunneigarar og jegerar i valdet dykkar. Når alle får same informasjon, er det enklare å samarbeida:-) Om det er noko de lurar på, er det berre å ta kontakt!

Det er spanande tider i høve skrantesjuka og reetablering av Nordfjella sone 1 no. Reetableringsplanen vart levert til Landbruks- og Matdepartementet i denne våren, og venter no på handsaming hjå sentrale styresmakter. Inntil vidare er det ikkje endringar i høve oppmodinga om høgt uttak av hjort og elg og prøvetaking for skrantesjuka. Nordfjella sone 1 er framleis i den sokalla brakkleggingsperioden og signala til heile regionen er framleis å halda bestandane låge og ha fokus på prøvetaking av jakta vilt og fallvilt.

Naudsynt info knytt til jakta er samla punktvis under:

Kvote

Gjeldande bestandsplan for hjort er for perioden 2024-2026, dette er altså siste året i planperioden. Det er i bestandsplanen bestemt ei kvote på 302 fellingsløyve for hjort i 2026 (korrigert for nytt godkjend vald; Grønestølen). Dei valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort, kan nytta fellingsløyva for heile planperioden uavhengig av år. Dei kan nytta alle dei 245 ubrukte løyva frå 2024 og 2025. Det er no 53 vald som er medlemmar, 3 nye medlemmar i 2026. 3 vald ikkje er medlem. Ta kontakt med styret i bestandsplanområdet om de ønskjer å melda inn valdet dykkar.

I tillegg til ordinær kvote, har i sesongen 2026/27 alle *medlemsvalda* i Aurland bestandsplanområde fri kvote på hjortekalv. Dette gjeld alle grunneigarar i medlemsvalda (og altså ikkje valda som ikkje er medlem i bestandsplansamarbeidet).

Om nokon har trong for endå fleire verkemiddel, så er det høve til å flytta fellingsløyve mellom vald som er medlem i Aurland bestandsplanområde. Slik flytting krev skriftleg avtale mellom valda. Ta kontakt med landbrukskontoret eller hjorteutvalet for slikt avtaleutkast.

For elg er det 20 fellingsløyve til Aurland elgvald. Sjå vedlegg for fordeling på elg og hjorteløyva.

Spara store bukkar

Aurland hjorteutval har bestemt at i denne planperioden er det INGEN som skal fella hjortebukk med 12 taggar eller meir. Dette for å la bukkane få lov til å verta ordentleg vaksne. Det me ofte tenkjer på som ein vaksen bukk, er i realiteten berre ein ungdom. Me håpar dette bidreg til at me får attende skikkelege avlsbukkar i Aurland

som får brunsten tidleg i gang, med påfølgande tidleg kalving. Og ikkje minst at me alle kan få sjå potensialet til hjortebukkane! Me håpar alle respekterer å lata dei store bukkane få gå også i år!

Jakttid

Som eit fellingsstimulerande verkemiddel er det utvida jakttid på hjort og elg kring Nordfjella og Hardangervidda, fram til og med jaktåret 2027/28:

- Elg: 15. august - 23. desember
- Hjort: 15. august - 23. desember OG 1. januar - 31. januar

CWD –prøvetaking

Hjort og elg på 2,5 år eller eldre skal prøvetakast av jegerane. Prøveresultata er viktige for vegen vidare. Info og utlevering av prøvemateriell skjer på jegermøtet i august. Kasse med prøveutstyr står som vanleg på fiskehuset ved Turlidfossen.

All generell informasjon om CWD er samla på: <https://www.hjortevilt.no/>

Kjeveinnsamling

Aurland hjorteutval har bestemt at det er kjeveinnsamling i sesongen 2026/27. ALLE kjevar skal leverast frå hjort og elg, OGSÅ KALVEKJEVAR. Kjevane skjærast fri for kjøt, merkast med merkelappen frå CWD-konvolutten og hengjast opp ved Fiskehuset ved Turlidfossen.

Jegermøte

Det vert jegermøte i Aurland torsdag 13. august. Meir info om stad og klokkeslett kjem seinare.

Helikopter

Det er ikkje tilbod om transport av slakt i regi av Statens Naturoppsyn i 2026. Eventuell transport må organiserast privat.

Sal av slakt

Viltkjøt er ein fantastisk matressurs, men me minner om at all omsetning av kjøt frå jakt på hjortevilt er underlagt strenge hygienereglar. Alle som omset kjøt må etterleve ei rekke krav. Mellom anna at berre friske dyr skal bli til mat og at kjøtet er handtert slik at risiko for bakteriar er minimal.

Jegerar kan omsette heile eller grovparterte dyr (maksimalt delt i 8 delar) til privatpersonar som ikkje kan selje kjøtet vidare, føresett at dette skjer på ein trygg og hygienisk måte. Jeger er alltid ansvarleg for det kjøtet han sel eller gjev vekk (Matlova § 16). Jegerane kan også levere kjøt til godkjente vilthandteringsanlegg, anten som feltkontrollert eller saman med indre organ og hovud.

Meir informasjon kan du finne på Mattilsynet sine heimesider:

<https://www.mattilsynet.no/mat-og-drikke/matproduksjon/viltkjott/krav-nar-viltkjott-skal-selges-eller-gis-bort?noJS=true>

Sjå også Haugen gardsmat sin heimeside, om du ønskjer å selja til godkjend viltbehandlingsanlegg lokalt: <https://www.haugengardsmat.no/jegerinfo>

Sett-og-skutt

All jakting skal registrerast på Hjorteviltregisteret. Det er viktig også å registrera jaktdagane utan felling eller observerte dyr. Registreringane gjerast anten ved å logga deg inn på www.hjorteviltregisteret.no eller ved å lasta ned settogskutt-appen. Det er viktig at jegerane registrerer jaktinga si fortløpande, då har me oversikt over korleis fellingane ligg an underveg i jakta.

I 2018 vart det gjort nokre endringar på korleis jegerane skulle registrera jaktinga si på settogskutt. I korte trekk var endringa den at alle observerte dyr skulle registrerast, uavhengig av om dyret med sikkerheit var sett fleire gonger/av andre. Me trur ikkje mange fekk med seg denne endringa, fordi det ikkje var godt marknadsført. I tida no er sett-hjort-registreringane viktigare enn nokon gong fordi me på den måten kan følgja med på endringane i bestanden opp i mot målet om reduksjon. Ei endring i måten å føra på er difor uheldig fordi det vert vanskelegare å samanlikna tala mellom åra. Difor har me beslutta at me **IKKJE VIL FØLGJA** endringa som det er lagt opp til i føring av sett-hjort. Alle jegerar skal altså føra sett-hjort som før, og ikkje ta omsyn til endra instruks! Ergo, registrer sett-hjort som «vanleg»!

Human jakt

Sjølv om det er ønskjeleg med høgt fellingsresultat, er det viktig at de tenkjer sikkerheit og human jakt når de er ute. Skyt kalven før kolla. Hugs plikten til å ha tilgang på ettersøkshund –og bruk hunden når uhellet er ute! Her har me ein del å gå på! Viltforvaltninga oppmodar Statens Naturoppsyn til å føra kontroll med human hjorteviltjakt.

Samarbeid

Dei valda som er medlem i bestandsplanområdet har moglegheit til å flytta løyve mellom valda, og mellom åra i bestandsplanperioden. For å flytta løyve mellom åra i

planperioden trengs det ingen avtale. Alle fellingane skal meldast inn i fellingsrapporten det året dei er felt. For å flytta løyve mellom vald som er medlem i bestandplanområdet, må valda ha ei skriftleg avtale om samjakt. Ta kontakt om du ønskjer eit ferdig formular på dette. Det valdet som får fellingsløyvet tildelt, skal rapportera resultatet, uavhengig av om løyve er nytta på eit anna vald. På settogskutt registrerer jegerane fellinga på det valdet som dyret vart jakta på. Fellingsavgifta vert fakturert valdet som fekk løyvet. Det som truleg vil vera begrensande for jaktuttaket til hausten er jegeranes tilgjengelege tid til å jakta. Dei valda som «føler seg ferdig» med å jakta i løpet av hausten og som har mykje dyr i terrenget, bør vurderer om dei kan sleppa fleire jegerar inn i terrenget. Dette kan gjerast anten ved at jegerar har med «eigne fellingsløyve» eller at fleire jegerar kan koma inn og jakta på dei løyva som er gitt det aktuelle valdet. Dei merka hjortane fortel oss at dyra nyttar mange vald i løpet av året. Dei dyra som ein kanskje opplever som «eigne dyr», flytter seg oftast mykje, både i løpet av døgeret og sesongen.

Fellingsavgift

Fellingsavgift:	2026
Hjort \geq 1,5 år	520
Hjort kalv	0
Elg \geq 1,5 år	670
Elg kalv	0

Rapportering

Frist for rapportering til kommunen er 14 dagar etter enda jakttid. Valdansvarleg gjer dette i hjorteviltregisteret. Ta kontakt om de har trong for hjelp med rapporteringa!

Skitt jakt!